

Vigselsliturgi og forbønsliturgi for likekjønna og ulikekjønna par

Høyringsvar frå Olav Myklebust, medlem av Kyrkjerådet

1. Liturgiforslaga svarar godt til Kyrkjemøtet sitt vedtak (KM 17/16), ved at den nye liturgien er lagt tett opp til den gamle – og eg har slik ikkje store merknader til forslaget.
2. Namnet er greitt nok som arbeidstittel for ei høyring, men etter mitt syn vil det ikkje fungere like godt som namn på det ferdige forslaget til liturgi. Eg har tidlegare i kyrkjerådet foreslått "Felles vigselsliturgi 2017", til skilje frå dagens liturgi, som då bør omtalast som "Vigselsliturgi 2003". Felles vil her då indikere at den er felles for både likekjønna og 'ulikekjønna', og namnet korresponderer godt med at vi i Noreg har ei "felles ekteskapslov". Eit alternativ til ordet felles kunne vere å kalle den for "allmenn vigselsliturgi" – ein liturgi som kan brukast av alle.
3. Ingen merknader
4. Dersom ein byter ut den første av lesetekstane slik eg foreslår i punkt 6, så ville det vere fint å behalde teksta frå Salme 36 under punkt 2 her som eitt av alternativa.
5. Ingen merknader
6. Som fast lesetekst (fundamentalord) vil eg foreslå å byte ut ei av tekstane med leseteksta frå 1. Kor 13 (teksta under pkt O). Denne teksta blir brukt i dei fleste bryllaup i dag, og er ei flott tekst om kjærleiken.
Men for meg som homofil, og som har streva med å akseptere meg sjølv, så er denne teksten også sterk på ein annan måte: Tidleg i teksten kjem ein inn på dette om å kjenne alle løyndomar og eige all kunnskap – men at dette ikkje er avgjerande for å kunne føle kjærleik til andre. Og så kjem ein inn på at det er mykje vi ikkje skjønar her i livet, at vi skjønar berre stykkevis, men då (når det fullkomne kjem) skal vi sjå andlet til andlet – "liksom eg fullt ut er kjend av Gud".
Slik eg ser på heilt spørsmålet om likekjønna vigsel, så er vi skapte i Guds bilete, akkurat slik vi er – også vi som er homofile eller transpersonar. Men det kan til tider vere vanskeleg å finne meininga med at Gud har skapt oss slik – mykje ville ha vore enklare om vi kunne vere som alle andre. Dermed så blir denne teksta for meg eit sterkt bilete på kva det er vi kjempar for – vi som ønskjer vigsel av likekjønna i kyrkja!
7. Ingen merknader
8. Ingen merknader
9. Dei fire tekstane er fine tekster som absolutt bør vere med. Synest det er viktig at Matt 19 og 1. Mos 1 blir vidareført – det er jo framleis ein god del ekteskap der desse tekstane vil passe godt! Sidan eg foreslår tekst O som obligatorisk tekst, vil denne falle bort her.
10. Mitt forslag inneber sjølvsagt at dei same endringane blir tekne inn også i forbønsliturgien.

Olav Myklebust /s